

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 26.10.2016
SAKSHANDSAMAR: Lars-Johan Frøyland
SAKA GJELD: **Verksemdsoverdraging av tilsette i Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF**

ARKIVSAK: 2016/3164
STYRESAK: 121/16

STYREMØTE: 02.11.2016

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret godkjenner at all verksemd i Helse Vest Innkjøp HF blir overdradd til Sykehusinnkjøp HF den 1. desember 2016
2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jf. særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17, og i god dialog med involvert personale.
3. Styret tek utkast til avtale om verksemdsoverdraging av Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF til orientering og gir styreleiar i Helse Vest Innkjøp HF fullmakt til å underteikne endeleg avtale.
4. Innkjøpsressursane knytt til kjøp av helsetenester i Helse Vest RHF blir ikkje overdratt til Sykehusinnkjøp HF.

Oppsummering

Administrerende direktør i Helse Vest RHF vil rå til at innkjøpsressursane i Helse Vest blir overført til Sykehusinnkjøp HF frå 01.12.2016, i tråd med føringane frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 7. januar 2015 om at regionale ressursar og einingar innan innkjøpsområdet skal overførast til Sykehusinnkjøp HF innan 31.12.2016.

I styremøtet 3. oktober 2016, sak 113/16, blei styret orientert om arbeidet med å etablere Sykehusinnkjøp HF, og planane for å overføre innkjøpsmedarbeidarar frå Helse Vest Innkjøp HF og eventuelt Helse Vest RHF til Sykehusinnkjøp HF.

Sykehusinnkjøp HF vil ved oppstart bli organisert i divisjonar. Dette sikrar eksisterande kapasitet og kompetanse på levering av innkjøpstjenester til føretaka i Helse Vest etter overdraginga.

Helse Vest Innkjøp HF har ingen eigne bygg, men eigd inventar og teknisk utstyr vil bli overdratt til Sykehusinnkjøp HF. Leigeavtaler knytt til lokala blir transportert over til Sykehusinnkjøp HF.

Styret i Helse Vest Innkjøp HF fatta i styremøte den 17. oktober 2016, sak 044/16, vedtak om overdraging av verksemd. I same møte, sak 045/16, gjorde styret i Helse Vest Innkjøp HF framlegg om at Helse Vest Innkjøp HF blir avvikla frå 1. januar 2017, jf. helseføretakslova § 46-48, og at sak om dette blir handsama i eit føretaksmøte i Helse Vest Innkjøp HF.

Administrerende direktør legg til grunn at innkjøpsressursar i Helse Vest RHF knytt til kjøp av helsetenester ikkje blir overført til Sykehusinnkjøp HF.

Fakta

Helseregionane arbeider med å overføre innkjøpsressursane frå eigne einingar over til Sykehusinnkjøp HF. For Helse Vest sin del er 1. desember 2016 satt som dato for overdraging av innkjøpsverksemda. Det er medarbeidarane i Helse Vest Innkjøp HF som blir overført til Sykehusinnkjøp HF.

I sak 113/2016 blei styret orientert om arbeidet med å etablere Sykehusinnkjøp HF og dei førebuingane som er naudsynte for å sikra ein ryddig prosess i samband med overdraginga.

I Helse Vest går all førebuing knytt til overdraginga etter oppsett plan, og i tråd med dei administrative avgjerder som dei regionale helseføretaka i fellesskap har utarbeid for overføringsprosessen. Regionane har mellom anna etablert eit felles prosjekt for etablering av Sykehusinnkjøp HF, og dei har eigne regionale prosjekt for å sikre god forankring i dei ulike regionane.

Styret i Sykehusinnkjøp HF legg opp til at verksemda blir organisert i divisjonar. Medarbeidarane frå Helse Vest Innkjøp HF blir derfor organisert inn i ein divisjon kalla

Sykehusinnkjøp Vest. I etableringsprosjektet blir dette omtala som ei «as-is» overføring som skal sikre at divisjonane har fokus på leveransar til «sine regionar».

Gjennom etableringa av Helse Vest Innkjøp HF i 2015 blei det gjort eit grundig arbeid knytt til funksjons- og oppgåvefordeling mellom innkjøpsføretaket og helseføretaka. Ein legg til grunn at denne funksjonsdelinga, saman med dei etablerte samarbeidsavtalane mellom Helse Vest Innkjøp og det einskilde føretak i Helse Vest blir ført vidare, ved at Sykehusinnkjøp HF tek over dei rettar og plikter Helse Vest Innkjøp HF har etter desse avtalane. Både «as-is» organiseringa i Sykehusinnkjøp og overføringa av samarbeidsavtalen er risikoreduserande tiltak for helseføretaka i Helse Vest, med tanke på å få levert innkjøpstenestane dei har behov for.

Det nasjonale etableringsprosjektet har utarbeid utkast til «Avtale om virksomhetsoverdragelse». Avtalen regulerer mellom anna kontraktar og andre forpliktingar som skal overførast til Sykehusinnkjøp HF, som til dømes leigeavtaler for kontorlokal. Med avtalen skal det følge ei liste over egedelar som blir overført til Sykehusinnkjøp, slik som kontormøblar og videokonferanseutstyr.

Vidare regulerer avtalen at den eksisterande samarbeidsavtalen mellom helseføretaka i Helse Vest og Helse Vest Innkjøp HF blir overført til Sykehusinnkjøp HF, slik at denne tek over ansvar og plikter knytt til samarbeidet med føretaka frå Helse Vest Innkjøp HF.

«Avtale om virksomhetsoverdragelse» ligg ved denne saka til orientering. Ein rår til at styreleiar i Helse Vest Innkjøp HF får fullmakt til å signere endeleg avtale. Ein legg opp til at avtalen om verksemdsoverdraging vil bli endeleg stadfesta i føretaksmøte for Helse Vest Innkjøp HF.

Styret i Helse Vest Innkjøp HF fatta i møte den 17. oktober 2016 vedtak om verksemdsoverdraging. I forkant av styremøtet i Helse Vest Innkjøp HF var det gjennomført drøftingsmøte med dei føretakstillitsvalte og føretaksverneombod. Arbeidstakarsida hadde ingen innvendingar til verksemdsoverdraginga. Medarbeidarane har jamleg fått informasjon om verksemdsoverdraginga via samlingar, leiarlinja og via intranett.

På dato for overdraging vil det være 58 tilsette med arbeidsforhold knytt til Helse Vest Innkjøp HF.

Overdraging vil skje etter arbeidsmiljølova sine reglar om verksemdsoverdraging. Dette betyr mellom anna at arbeidstakarane som blir overført tek med seg sine individuelle rettar og plikter slik desse følgjer av kapittel 16 i Arbeidsmiljølova. I dette ligg mellom anna at stillinga blir overført som den er, og ein blir innplassert i Sykehusinnkjøp HF i ei likeverdig stilling sett opp mot ansvar, oppgåver og arbeidsområde.

Det følgjer av nemnde kapittel Arbeidsmiljølova at mottakande arbeidsgjevar, kan gjere si eksisterande pensjonsordning gjeldande for dei overførte tilsette. Dei tilsette i Helse Vest Innkjøp HF har pensjonsmedlemskap i KLP, og same pensjonsforsikringsleverandør er vald

for Sykehusinnkjøp HF. Tilsette i Helse Vest Innkjøp får dermed uendra vilkår knytt til pensjon.

Ei arbeidsgruppe, inkludert arbeidsmiljøutvalet (AMU) i Helse Vest Innkjøp, har utarbeidd ei risikovurdering knytt til verksemdsoverdraginga. Kartlegginga peiker på forhold som vil bli følgd opp i det vidare arbeidet mot verksemdsoverdraging.

Når det gjeld finansiering av Sykehusinnkjøp HF er det starta eit arbeid for å sjå på ein langsiktig finansieringsmodell for føretaket. I første fase (siste del av 2016 og 2017), legg ein til grunn at kvar region bidreg med finansiering av dei ressursane som blir overført til Sykehusinnkjøp HF. Overdraginga vil derfor ikkje ha nokon større budsjettmessig konsekvens for Helse Vest RHF.

Sykehusinnkjøp HF og Helse Vest Innkjøp HF må og bli samde om ei økonomisk avrekning for dei overførte eigendelar og forpliktingar. Dette vil bli regulert i den nemnde «*Avtale om virksomhetsoverdragelse*».

Hausten 2015 leverte helseregionane ein rapport til Helse- og omsorgsdepartementet der det blei rådd til å etablere ein ny nasjonal innkjøpsorganisasjon – Sykehusinnkjøp HF. Det går fram av rapporten at Sykehusinnkjøp skulle få ansvar for alle innkjøpskategoriar. Inkludert i dette var praktiske innkjøpsaktivitetar knytt til kjøp av helsetenester.

I samband med etableringa av Helse Vest Innkjøp HF i 2015, blei det vurdert som tenleg å la kjøp av helsetenester bli liggjande igjen Helse Vest RHF. Dette har mellom anna samanheng med sørgje for ansvaret til Helse Vest RHF, og kjøp av helsetenester som eit viktig verkemiddel å behalda regionalt. Administrerande direktør rår til at denne praksisen blir ført vidare, og at medarbeidarar i Helse Vest RHF som har oppgåver knytt til kjøp av helsetenester ikkje blir overført til Sykehusinnkjøp HF.

Kommentarar

Framstillinga over viser at overdraginga av Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF er godt planlagt, og arbeidet med førebuinga skjer etter plan. Medarbeidarane sine interesser er teke i vare gjennom informasjonsmøter, og skriftleg informasjon, og gjennom dialog og formelle drøftingar med dei føretakstillitsvalte og vernetenesta. Ei vidareføring av Samarbeidsavtalen mellom innkjøpsføretaket og føretaka i Helse Vest, kombinert med ei «as-is»-organisering i divisjonar i Sykehusinnkjøp HF, vil sikre at helseføretaka får levert innkjøpstenester av høg kvalitet og til rett tid. Dette er viktig for å sikre tilgang til dei varer og tenester som er naudsynte i pasientbehandlinga.

Etter at medarbeidarane er overført til Sykehusinnkjøp HF, må ein ta avgjerd om korleis ein skal handtere sjølve føretaket Helse Vest Innkjøp HF. Administrerande direktør kjem tilbake til styret med eigen sak om dette.

Konklusjon

Administrerande direktør rår til at styret godkjenner at all verksemd i Helse Vest Innkjøp HF blir overført til Sykehusinnkjøp gjeldande frå 1. desember 2016.

Vedlegg 1: Utkast til «*Avtale om virksomhetsoverdragelse*».